



Tippetue arkitekter AS Plan og Arkitektur
Fantoftveien 44
5072 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1302 - 15/11498

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
09.06.2015

Godkjenning - gbnr 23/509 - tilkopling til kommunalt VA-anlegg for 9 tomannsbustader på Løypetona felt B, T1, T2, T3, T4, T5, T6, T7, T8 og T9

Administrativt vedtak. Saknr: 197/2015

Saksutgreiing:

Det er søkt om tilkopling til kommunalt VA-anlegg for 9 stk tomannsbustader i Løypetona, felt B, gbnr 23/509, med tilsaman 18 bueiningar. Igangsettingsløyve for bustadane er tidlegare godkjent, men det var då ikkje søkt om tilkopling til kommunalt VA-anlegg. Det vart difor sett som vilkår at før det vart gjeve bruksløyve må det søkjast om tilkopling til VA-anlegg. Det vert vist til sakene DNT.366/2014, 12/2015, 13/2015, 14/2015, 15/2015, 16/2015, 17/2015, 18/2015 og 19/2015. Kommunen mottok slik søknad 26.01.2015.

Vurdering:

Tiltaket er søknadsploktig etter plan- og bygningslova. Naudsynte ansvarsrettar er vedlagt byggesakene.

Administrasjonen har ingen merknader til at tomannsbustadane vert tilknytt det kommunale VA-anlegget.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at 9 stk tomannsbustader med tilsaman 18 bueingar på Løypetona, felt B, T1, T2, T3, T4, T5, T6, T7, T8 og T9 gnr 23 bnr 509, vert tilknytt kommunalt VA-anlegg i samsvar med søknad dagsett 26.01.2015 og godkjent vass- og avlaupsplan frå Haugen VVA på følgjande vilkår:

Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.

Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget.

Tilknytninga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.

Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.

Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2015 er tilknytingsgebyret for vatn kr 10 000,- og for kloakk kr 10 000,- pluss mva per buening.

Tiltaket er søknadspiktig etter plan- og bygningslova. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad som ligg ved byggjesakene.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og Plan- og bygningslova»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjenning Løypetona felt B

Kopi til:

JM Norge AS

Mottakere:

Tippetue arkitekter AS Plan og
Arkitektur

Fantoftveien 44 5072

BERGEN